



VINDAFJORD
KOMMUNE

Revidert - vedtatt av kommunalsjef oppvekst 30.07.24

Skulereglar i Vindafjordskulen og Vats skule



Innhald

Innhald	2
1. Lovheimel	3
2. Formål med ordensreglement.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3. Verkeområde	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4. Åtferd	Feil! Bokmerke er ikke definert.
5. Undervisningssituasjonen.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6. Eigedom	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7. Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon...	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8. Konsekvensar ved brot på ordensreglementet ..	Feil! Bokmerke er ikke definert.
9. Lokale konkretiseringar.....	5



Forskrift om skulereglar Vindafjord

Fastsett av Vindafjord kommunestyre 18. juni 2024, sak 038/24, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) §10-7

§1 Formål og verkeområde

Reglane skal bidra til at barn og unge i grunnskulen har eit trygt og godt skulemiljø der dei trivst, lærer og opplever å høyre til i fellesskapet.

Forskrifta gjeld for alle elevar i grunnskulen både i skuletida, på skulevegen, på SFO og ved arrangement under leiing av skulen.

§2 Omsynet til eleven sitt beste og retten til å bli høyr

I alle saker som vert handsama etter desse reglane skal omsynet til eleven sitt beste vere grunnleggande. Skulen skal også ta i vare eleven sin rett til å bli høyr.

§3 Åtferd

Alle skal visa omsyn og respekt for andre og eigendelane deira, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller andre personar på skulen. Det er ikkje lov å bruka eller ta med nokon form for rusmidlar på skulen.

§4 Undervisningssituasjonen

Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møta førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

§5 Eigedom

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.

§6 Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon

Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon skal ikkje nyttast i skuletida og SFO. Tilsett kan gi unntak i samband med undervisning.

§7 Konsekvensar ved brot på skulereglane

1. Samtale med eleven
2. Mobiltelefon kan bli dregen inn og oppbevart til slutten av dagen. Rusmiddel og farlege gjenstandar som vert tekne inn blir utlevert til føresette om dei ber om det (dette i tråd med retningslinjene til Udir).
3. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert ved melding eller merknad.
4. Samtale med elev og foreldre/føresette
5. Eleven kan i ein periode få avgrensa rettar på skulen.
6. Ved gjenteken bruk av mobiltelefon eller klokke med meldingsfunksjon kontaktar skulen heimen.
7. På ungdomsskulen skal det vurderast om brotet fører til nedsett karakter i orden eller åtferd (jmfr. Vurderingskriteria i orden og åtferd).
8. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar (jmfr. Opplæringslova §13-1)



”Kommunen kan fastsetje i skulereglane at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.

Rektor/einingsleiar sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor/einingsleiar bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.

” ELEVEN HAR RETT TIL Å UTTALA SEG / BLI HØYRT FØR TILTAK VERT SETT I VERK.

§8 Lokale konkretiseringar

Ved Vats skule skule gjeld lokale reglane:

§9 Iverksetjing og opphøyr



1. Lokale konkretiseringar red. 16.08.23

Ved Vats skule gjeld desse lokale reglane:

9.1 Uteområdet:

- Skuleområdet er avgrensa av veg på mellomtrinnsområde og veg på småskuleområdet. Elevar på mellomtrinnet har lov å krysse vegen når dei brukar halve kunstgrasbanen. Dei har ikkje lov å vera langs skulebygget nord. Den som er nærast skulen. Dei har ikkje lov å vera på tribunen eller der omkring.
- Avgrensa området er og parkeringsplassen og buss skuret-

9.2 Friminutta:

- Elevane på barnetrinnet skal vera ute i friminutta dersom ikkje lærar har bestemt noko anna for enkelt friminutt eller enkeltdagar. Den vaksne må ha tilsyn
- Yttertøy og sko skal takast av på gangen, og setjast/ hengjast på plass før timen.

9.3 Leik:

- Inspiserande vaksne skal stoppa farleg leik. Rektor kan avgjera at enkelte leiker ikkje skal kunne nyttast. Pr. i dag gjeld desse avgrensingane for leik:
- Rulleskøyter, rullebrett og sparkesykkel er ikkje lov å nytta i skuletida
- Det skal ikkje kastast snøball.
- Private leiker skal ikkje elevane ha med på skulen
- Tau skal brukast til hoppetau og ingen andre aktivitetar

9.4 Sykling:

- Syklar skal stå ved dei utplasserte sykkelstativa. Sykkel skal ikkje nyttast i skuletida. Kontaktlærar kan gje unntaksløyve.

9.5 Snop, m.m.:

- Snop skal ikkje nyttast i skuletida og på skuleområdet, utan ved særskilde høve.

9.6 Kopi- og materialrom:

- Elevar skal ikkje bli sendt for å henta materiell på materialrommet. Før utskrift eller kopiering skal ein spørje lærar om lov, og berre skrive ut det som er nødvendig i skulearbeidet. Fargeutskrifter skal berre brukast til ferdige produkt som skal presenterast.
- Elevar skal ikkje gå i ADM gangen. Når dei skal i gymsalen, musikkrom eller på kjøkkenet stiller dei opp utanfor den aktuelle døra. Ved fellessamlingar går ein med ein vaksen.

9.7 Skuleveg og buss:

- Elevane skal stilla opp i kø ved busshaldeplassen på skulen. 1.klasse skal alltid stå først i køen, deretter resten av småskulen. I-pad, smartklokker og telefon skal ikkje brukast i bussen.
- Dei som går heim skal ikkje innom busskøen.



9.8 Presisering når det gjeld mobiltelefon/smartklokke

- Skuletida når det gjeld mobiltelefon/smartklokke er: Frå elevane er på skulensområde, frå dei startar på skulevegen. Telefonen skal ikkje takast fram i timar eller friminutt. Den skal heller ikkje nyttas på bussen til å frå skulen. Telefonen og smartklokker skal vera av og i sekken.

Fellesreglar for orden og åtfærd

- **Gå på wc i timane:**
Utgangspunkt: Me ønskjer ein praksis der elevane går på wc i friminutta.
- **Sukkerhaldige drikkevarer, sjokoladebar, mellombar, kjeks og kaker til nistematen:**
Regel: ikkje tillate: me er ein snopefri skule. Me har utgangspunkt i næringsråda frå staten. Me oppfordrar føresette til å følgja reglane, og tek saka opp på 1. foreldremøte til hausten i alle klassar og SFO.
- **Mat på turar:**
Utgangspunkt: snopefri skule. Regel: Det blir avtalt kva som er tillate å ta med.
- **Mat for høgtider, festar og spesielle anledningar:**
Utgangspunkt: snopefri skule. Regel: Det blir avtalt når det er lov å ha med kaker og kjeks.
- **Åtfærd i gangane:**
Regel: ein skal gå – ikkje hinka, slå hjul eller springa.

Orden i garderobe og gang:

Regel: heng alltid tøyet/utstyret ditt på plass. Sko skal stå inntil/på benken.

- **Åtfærd i biblioteket**
Regel: Kontaktlærer skal kursa elevane å setja bøker på rett plass.
- **Reinsemd og smitte**
Regel: elevane må vaskar hendene før mat, og kvar gong etter besøk på wc. Ved utbrot av epidemiar er det eigne reglar.
- **Mikrobølgjeomn**
Regel: Berre elevar i 7. klasse får tilgang til mikrobølgjeomn i matfriminuttet. Omnen skal stå i klasserommet.
- **Utareglar**
Regel: Gjennomgang med elevane kvar gong det kjem ny versjon av utareglane til kontaktlærer. Nye reglar skal hengast opp etter gjennomgang.
- **Inn til time etter friminutt**
Elevane stiller opp utanfor si ytterdør, venter til timelærer kjem å tar dei inn. Timen startar i garderoben. Her skal det være ro og orden-

DØRSTOKK Regel: Gå stille bort til eigen pult utan å snakka – vera klar til å ta imot beskjed.



Er det knuffing medan elevane går inn skal ein trenar på dette til alle klarer det – kvar gong.

- **Skuleområdet**

Regel: me har eit klart definert skuleområde. Elevar kan berre gå utanfor skuleområdet i friminutt om dei er i lag med lærar/assistent.

- **Gymtøy og konsekvens ved gløyming**

Regel: Elevane startar å byta til gymtøy før jul i 3. klasse. Elevar som ikkje har gym skal sitja i trappa inne – eller sjå på om ein er ute. Dei får ikkje forlate trappa før dei andre er ferdig i dusjen.

- **Dusjing**

Regel: etter jul i 3. klasse skal ein dusja etter gymtimar. Elevar som ikkje skal dusja må ha melding med seg frå dei føresette. Me skal sjå til det blir dusja, om me har mistanke om at det ikkje skjer.

- **I-Pad**

I-paden skal vera opplada når dei kjem på skulen, dei får ikkje lada på skulen.

- **Mat med ut**

Regel: elevar skal ikkje ha med mjølk eller yoghurt med ut i friminuttet.

- **Mjølkekartongar**

Regel: kartongar skal skyljast, brettast og stappast før dei vert kasta.

- **Bussreis frå skulen**

Regel: Elevane skal stå oppstilt på tilvist plass og venta til bussen har parkert. Ved teikn frå sjåfør skal ein gå roleg til bussen. Ryggsekken skal ikkje vera på ryggen eller i setet på sida av, sele skal vera på. Sit i setet til bussen har stoppa.

Sjåførarar skal kjenna til reglane våre.

- **Åtferd på bussane**

Regel: Vats skule sine reglar for god og høfleg framferd gjeld og på bussen. Ein skal etterkomma beskjedar frå sjåfør. Det er ikkje lov å bruke I-pad/ mob på bussen.

Elevar som ikkje held seg til reglane kan i periodar mista retten til skyss.

- **Sko inne:**

Regel: det er ikkje tillate å gå med utesko i skofri sone.

- **Elektroniske hjelpemiddel**

Regel: Det er ikkje tillate å bruka mobiltelefon og elektroniske spel på i skuletida.

- **Snøballkasting**

Regel: Det er ikkje lov å laga eller kasta snøball på skulen sitt område

- **Om å nytta skulen sin telefon**



Regel: Elevar får nytta skulen sin telefon om dei har behov for å gi viktige opplysningar til heimen. Avklaring om å få følgja medelevar heim etter skuletid kjem ikkje inn under dette. Slike avklaringar skal gjerast før elevane kjem på skulen.

- **Orden på fellesrom**

Regel: Elevar som nyttar felles grupperom skal rydda etter seg før dei går. Lærar skal alltid sjekka at rommet er i orden etter at elevar har vore der, og evt. sørge for at dei ryddar.

Ein skal alltid: plukka opp frå golvet, setja på plass stolane, kosta bort viskelær frå pultplata. Pultane skal vera tomme slik at reinhaldar kan få vaske. rommet skal sjå ryddig og ordentleg ut når ein går

Klassereglar Vats skule

Klassereglane blir utforma i dialog mellom kontaktlærar og elevane.

Utgangspunkt for samtalen er fellesreglane, men reglane skal utformast etter behovet klassen har.

Klassereglane skal henga på veggen i klasserommet.

Døme:

Me skal rekkja opp handa når me skal seia noko.

Alle skal får vera med på leiken i friminutta.

